



Informasjon til føresette



Bergen, 02.06.2020

Vedrørende tilrettelagt skoleskyss med drosje fom 2. juni

I oppdaterte smittevernrettleiarar for grunnskolen heiter det framleis at bruk av offentleg transport til og frå skolen avgrensast der det er mogleg. Vidare går det fram at elevar bør sitte på annankvart sete, men at elevar frå same hushaldning eller same kohort (klasse) kan sitte saman.

Som følgje av at alle elevar no skal på skolen alle dagar vil det kunne bli kapasitetsutfordringar hos drosjeoperatørane. Så langt det lar seg gjere vil elevar bli samkøyrte med elevar frå same klasse, dersom det ikkje er moglegheit å leggje til rette for avstand mellom dei reisande i bilen. Det kan også vere turar der elevane blir samkøyrte med andre elevar.

For elevar som har endra behov fom 2 juni, samanlikna med inneverande veke (til dømes at dei skal på skolen fleire dagar), vil det kunne ta noko tid før transporten er klar til å starte opp.

For tilrettelagt skoleskyss med drosje gjeld følgjande retningslinjer ut skoleåret:

- Hyppige berørte flater blir reingjort mellom kvar tur.
- Elevar som er sjuke eller har sjukdomssymptom skal ikkje nytte skoleskyssen.
- Det kan bli endringar transportopplegget og andre hentetider enn normalt. Hentetider vil vere cirka-tider, og det vil kunne bli forseinkingar.
- Berre elevar som har drosjeskyss på grunnlag av medisinsk behov vil få drosje i samband med opphald på SFO.

Dersom elevar som har innvilga skoleskyss med drosje kan reise til skolen på andre måtar, er det viktig at skolen får informasjon om dette så raskt som mogleg, og kan melde vidare til aktuell drosjeoperatør.

Spørsmål

Skyss/Kringom kan bli kontakta på skoleskyss@skyss.no eller per telefon 55 55 90 70, tastevalg 2 – skoleskyss.